

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»  
«UTLANDSADRESSE»  
  
«KONTAKT»

**Dykkar ref:**  
«REF»

**Vår ref:**  
2016/2692 -  
18816/2016

**Sakshandsamar:**  
Haakon Totland 51872052

**Dato:**  
07.06.2016

## Rapport - Planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt

Internrevisjonen i Helse Vest RHF viser til brev datert 21.03.2015 om oppstart av internrevisjon, og utkast til rapport som vart sendt ut 25.05.2016.

Vi takker for godt samarbeid undervegs i revisjonsarbeidet.

### Om revisjonsprosjektet

Føremålet med revisjonsprosjektet har vore å stadfeste at helseføretaka si planlegging av nye sjukehusbygg er tilstrekkeleg og hensiktsmessig for å kunne realisere forventna gevinstar.

Vedlagt til kvart helseføretak følgjer eit eksemplar av rapporten.

### Oppfølging

Administrerande direktør i helseføretaka har ansvar for at rapporten blir lagt fram for styret i føretaket utan unødige opphald. Styresaka skal innehalde ein handlingsplan frå administrerande direktør for oppfølging av dei tilrådingane som kjem fram av revisjonsrapporten. Revisjonsutvalet i Helse Vest har bede om at det blir brukt ein mal som gjer samanlikningar på tvers og over tid mogleg. Malen følgjer nedanfor. Vedtatt handlingsplan skal sendast internrevisjonen etter behandling i styret. Vi vil følgje opp etter ei tid med førespurnad om status på gjennomføring av handlingsplanen. Resultata av dette skal vi rapportere til revisjonsutvalet, og ein legg til grunn at administrerande direktør har tilsvarande rapportering til styret i helseføretaket.

**Dersom føretaket ved handsaming av rapporten ønskjer å invitere internrevisjonen til møte i føretaksstyret eller i relatert administrativt møte, seier vi gjerne ja til det.**

(Tabellen under er til bruk under utarbeiding av handlingsplanar i administrasjonen for å møte tilrådingane i internrevisjonsrapporten.)

<b>IR si tilråding</b>	<b>AD si vurdering</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Tidsfrist</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Status</b>
<b>Nr. 1</b>					
<b>Nr. 2</b>					
<b>Nr. 3</b>					

Vennleg helsing

Bård Humberset  
leiar internrevisjon

Haakon Totland  
internrevisor

Dokumentet er elektronisk godkjent

All elektronisk post til Helse Vest skal sendes til postmottak: [post@helse-vest.no](mailto:post@helse-vest.no)

Vedlegg

Kopi til: